

Leif Bjørn Skorpen

Refleksjonar knytt til utvikling og bruk av observasjonsskjema

Erfaringar frå to klasseromsforskningsprosjekt



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

2009

| | |
|---------------------------|---|
| Forfattar | Leif Bjørn Skorpen |
| Ansvarleg utgjevar | Høgskulen i Volda |
| ISSN | 0805-8075 |
| Sats | Forfattar |
| Distribusjon | http://www.hivolda.no/fou |

Leif Bjørn Skorpen er høgskulelektor ved Institutt for realfag, Høgskulen i Volda.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innhold

| | |
|---|-----------|
| Bakgrunn for val av problemområde..... | 4 |
| Klasseromsstudiar som metode..... | 4 |
| Metode og utval i Kupp-prosjektet..... | 6 |
| Kort om Kio-prosjektet | 9 |
| Utvikling av observasjonsskjema til Kupp | 10 |
| Utvikling av observasjonsskjema til Kio..... | 11 |
| Nye variablar | 12 |
| Namneendringar, samanslåing og sanning av variablar..... | 14 |
| Kvalitetssikring av observasjonssinstrumenta | 16 |
| Reliabilitet | 16 |
| Validitet..... | 21 |
| Forbetring av datakvaliteten..... | 23 |
| Litteratur..... | 24 |
| | |
| Vedlegg 1 | 25 |
| Vedlegg 2 | 26 |
| Vedlegg 3 | 27 |

Bakgrunn for val av problemområde

I to ulike forskingsprosjekt har eg vore med på prosessane med å utvikle observasjonsskjema og brukt desse i klasseromsobservasjonar. Det første hadde tittelen: ”Begynnaropplæring og tilpassa undervisning – kva skjer i klasserommet?”¹ (Haug, 2006b) og gjekk føre seg i perioden 2002–2005. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom seks forskarar under leiing av Peder Haug. I perioden 2007–2010 er eg med i prosjektet ”Kvalitet i opplæringa”² (<http://www.hivolda.no/kio>). Peder Haug er leiar også for dette prosjektet. I begge desse prosjekta har klasseromsobservasjonar ved hjelp av observasjonsskjema ei sentral rolle.

Problemstilling

Refleksjonar knytt til utvikling og bruk av observasjonsskjema – erfaringar frå to klasseromsforskningsprosjekt.

Klasseromsstudiar som metode

For å få kunnskap om ”livet i klasserommet” kan ulike metodar og forskingstilnærmingar nyttast. Spørjeundersøkingar, intervju og ulike observasjonsmetodar er dei mest vanlege. Observasjon er ein direkte metode, og kan dermed gje meir informasjon om hendingar, tilhøve og situasjonar enn data innsamla ved hjelp av andre metodar kan gje. Ved bruk av observasjon spør ein ikkje folk kva dei gjer, følar eller kva holdningar dei har. Ein observerer kva dei gjer, lyttar til kva som vert sagt, og tolkar dette i lys av konteksten (Vedeler, 2000, s. 12). Observasjon er godt eigna til å få informasjon om korleis personar omgåast kvarandre og korleis dei forhold seg til kvarandre (Thagaard, 2003, s. 12). Følgjeleg har observatøren ei svært sentral rolle i denne type forskning, noko eg kjem tilbake til seinare.

Observatøren kan ha ulike roller under observasjonane. Det eine ytterpunktet er at observatøren deltek fullstendig på lik line med dei andre deltakarane i dei aktivitetane han/ho skal observere. Dette vert kalla fullstendig deltakande observasjon. Det andre ytterpunktet er ei fullstendig uavhengig observatørrolle, der observatøren står heilt utanfor aktiviteten og observerer det heile frå sidelinja (”floge på veggen-rolle”). I praksis vil observatøren ofte ha

¹ Prosjektet var finansiert av Noregs forskingsråd, som del av programmet ”Kunnskapsutvikling i profesjonsutdanning og profesjonsutøvelse (KUPP)”, og av Høgskulen i Volda.

² Også dette prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd, som del av programmet ”Praksisrettet FoU i grunnpplæring og lærerutdanning”, og av Høgskulen i Volda.

ei rolle som ligg ein stad mellom desse ytterpunkta. Vedeler (2000, s. 18) innfører to slike mellomroller som ho omtalar som ”deltakande observatør” og ”observatør som deltakar”.

Eit metodologisk problem ved all observasjonsforskning er den innverknaden forskaren har på situasjonen han/ho skal observere. Den eller dei som skal observerast reagerer på at dei vert observert, og kan dermed kome til å handle annleis enn dei ville gjort utan observatøren til stades. Dette fenomenet vert av Grønmo (2004, s. 9) omtalt som ”reaktivitet” eller ”kontroll-effekt”, medan Vedeler (2000, s. 109) kallar det ”observatøreffekt”. Problemet kan reduserast ved at forskaren arbeidar for å bli best mogleg integrert i det miljøet han/ho skal studere, og at aktørane får god informasjon om forskinga. Spesielt viktig er det å framheve dei etiske sidene ved studien, personvern, anonymisering og konfidensiell handsaming av personopplysningar (Grønmo, 2004, s. 151). Eit anna problem knytt til forskaren sin innverknad på observasjonsdata er såkalla observatørbias. Observatørbias er systematiske feil i observasjonane som følgje av karakteristiske trekk ved observatøren, som til dømes haldningar, oppfatningar, sympatiar/antipatiar osv. Dette kan gje seg utslag i form av selektiv merksemd, selektiv koding og tolking eller selektiv hukommelse (Vedeler, 2000, s. 110–111).

Observasjonar vert brukt i samband med både kvalitative og kvantitative forskingsmetodar. Ved strukturert observasjon (kvantitativ observasjonsforskning) ynskjer ein å registrere den observerte åtferda i nokre veldefinerte kategoriar. Når ein utformar observasjonsskjemaet vil ein med utgangspunkt i forskingsspørsmålet prøve å definere variablar som kan operasjonaliserast, slik at ein under sjølve observasjonen veit kva ein skal sjå etter og kan registrere det ein ser i dei rette kategoriane. *I observasjonsforskning med kvantitativ tilnærming er det altså operasjonalisering av variablar som bestemmer observasjonskategoriene og konstruksjonen av observasjonsskjemaet* (Vedeler, 2000, s. 96–97). Kvaliteten på dei observasjonskategoriane ein utviklar vil ha innverknad på reliabiliteten til dei data som vert samla inn ved hjelp av observasjonsskjemaet.

Eit sentralt problem ved strukturert observasjon er at ein på førehand må ha gjort seg opp ei meining om kva ein kjem til å ”møte i felten” (observere), og utforme observasjonskategoriar for å kunne registrere desse på ein enkel og eintydig måte.

Metode og utval i Kupp-prosjektet

Datamaterialet vart samla inn gjennom klasseromsobservasjonar. Ca. ni klassar³ frå 1. til 4. klassesteg vart observert i to veker per år i tre år (2002–2005).

Utvalet av skular og klassar var ikkje tilfeldig. Dei vart valde ut for å oppnå variasjon mellom by- og bygdeskular, store og små skular og store og små klassar osv. Klassane kom frå sju skular frå fem ulike kommunar innanfor same fylke⁴. Me ynskte å observere normalt-fungerande klassar og lærarar. Det vart oppretta kontakt med aktuelle skular og lærarar via skulesjef og rektor. Den einskilde lærar stod sjølvstøtt fritt til å takke ja eller nei til tilbodet om å vere med. Totalt bestod utvalet av 17 lærarar der fire av dei var med alle tre åra (Haug, 2006a, s. 14–15).

Seks observatørar frå ulike fagmiljø samla inn materiale til ein felles database. Kvar observatør observerte ca. tre klassar kvart år ved å følge kvar av klassane i alle timane og aktivitetane gjennom ei veke. Observasjonsperiodar på ei veke vart vald med utgangspunkt i erfaringar frå ein liknande studie, "Klasserommets praksisformer" gjennomført av Kirsti Klette mfl. i samband med evalueringa av L97 (Klette, 2003b, s. 26). Vår studie var inspirert av og var delvis ein vidareføring av denne. Observasjonane vart gjennomførte ved ein kombinasjon av kvalitative og kvantitative metodar. Kvart femte minutt vart det gjort registreringar i eit observasjonsskjema. Registreringane tok sikte på å "fryse" eit bilete av det som gjekk føre seg i klasserommet ved det tidspunktet observasjonen vart gjennomført. Observasjonsskjemaet var bygd opp av ca. 50 variablar fordelte på følgjande fire hovud-kategoriar: Kva læraren gjorde, kva ein utvald elev gjorde, kva klassen gjorde og det faglege innhaldet (sjå vedlegg 2). Utforming og innhald i skjemaet bygde på det skjemaet Klette mfl. brukte, men me auka talet på variablar (sjå vedlegg 1 og 2). Mellom kvart observasjonstidspunkt vart det ført observasjonslogg. Loggen hadde fleire funksjonar. Han vart brukt til å utdjupe og forklare den "scena" som observasjonsskjemaet var eit augneblikksbilete av, og til å fange opp kommunikasjon mellom dei ulike aktørane i klasserommet. Han vart også brukt til å skildre det faglege innhaldet, og til å skildre meir typiske trekk ved livet i klasserommet.

³ Ti klassar første året, ni klassar andre året og åtte klassar tredje året. Fem av klassane vart følgde gjennom alle tre åra, nokre gjennom to år og nokre berre eitt år. Til saman vart det gjennomført observasjonar i tretten ulike klassar.

⁴ To bykommunar og tre landkommunar. To av landkommunane har industri som hovudnæring og den tredje har jordbruk og offentleg verksemd som hovudnæring.

Eit enkelt kodesystem kopla loggane til dei ulike tidspunkta i observasjonsskjemaet, sjå døme 1.

Døme 1, 3. klasse:

T25: Dei diskuterer ulike sanksjonar mot problemoppførsel på ein roleg, sakleg og forståelsesfull måte.

12.07: Lærer: "No må vi ta opp Pluss-bøkene!" Ein elev vil sei noko, men lærar presiserer at no må dei gå i gang med Plussbøkene.

Hjelpelærer deler ut kalkulatorar.
Lærer skriv på tavla: 23/26/27.
Lærer hjelper elev A.

T3: Lærer hjelper elev A. Hjelpelærer hjelper elev B på bakerste benk.
Klassen arbeider stille.

Elev C og elev D rettar opp handa og spør kva "siffer" er.

Det er fleire elevar som lurar på kva eit siffer er.

Lærer går fram til tavla og seier: "Det er lenge sidan vi hadde om dette. Kva er eit siffer?"
Ein elev foreslår eit tal. Lærer spør då kva eit tal er.

(Her observerer eg at alle som har sagt noko ser ut til å mangle omgrepsskilte mellom tal og talsymbol.)

Lærer skriv på tavla 1 5 26 66 238 7869

T4: Dei snakkar om talet på siffer i fleirsifra tal.

Før lærar skriv eit nytt tal på tavla snakkar dei om tal og siffer.

Elevane arbeider med oppgåver i bøkene sine. Plussboka side 23, 26 og 27.

Ved slutten av kvar observasjonsveke vart det gjennomført eit formalisert intervju med lærarane etter ein felles utarbeida intervjujal. Opplysningar frå meir uformelle samtalar med lærar i løpet av observasjonsveka vart også notert undervegs. Etter kvar observasjonsøkt vart loggane reinskrivne og gjort tilgjengelege for alle seks forskarane i prosjektet. Resultata frå observasjonsskjemaet vart lagt inn og handsama i statistikkprogrammet SPSS. I løpet av prosjektperioden vart det kvart år gjennomført eit dagars møte mellom observatørane og alle lærarane som var blitt observerte. Der vart funna våre presenterte og diskuterte, og informasjon vart utveksla.

⁵ T2 refererer til tilsvarende registrering i observasjonsskjema, som er andre registrering den timen. Timen starta med T1 klokka 12.00. Ved T2 er klokka 12.05.

Det at seks personar med ulik fagbakgrunn og med ulike fokus i sine delprosjekt samla inn data til ein felles database, hadde både positive og negative konsekvensar for datamaterialet. For det første gav ein felles database ei større datamengde enn om kvar deltakar hadde samla data berre til sitt eige delprosjekt. Det at kvar observatør følgde mange klassar gjennom all undervisinga elevane fekk i løpet av ei veke, førte til at kvar einskild observatør og forskargruppa samla, fekk ei rimeleg bra oversikt over begynnarpplæringa i dei klassane me besøkte. Ei negativ side ved denne måten å samle inn data på var at den einskilde forskar si moglegheit til å gå i djupna innanfor sitt fagfelt blei mindre enn det ein kunne tenkt seg om kvar einskild hadde brukt like mykje tid til å samle inn data eksplisitt til sitt delprosjekt. For å redusere den negative verdien av dette, arbeidde me for at alle deltakarane skulle vere best mogleg orienterte om problemstillingane innanfor kvart av delprosjekta. Dette vart gjort blant anna gjennom prosjektpresentasjonar både i munnleg og skriftleg form.

Datainnsamlingsinstrumenta vart utvikla i fellesskap over relativt lang tid. I løpet av utviklingsfasen fekk me høve til å bli kjende med dei ulike delprosjekta sine behov for informasjon. Gjennom observasjonsfasane møttest me ofte, utveksla erfaringar og diskuterte problem som dei ulike observatørane opplevde. På den måten utvikla me ei større felles forståing både i bruken av instrumenta og for innhaldet i dei ulike delprosjekta (Haug, 2006a, s. 13).

Kort om Kio-prosjektet

På Kio-prosjektet si heimeside, <http://www.hivolda.no/kio>, finn ein følgjande målformuleringar:

”Hovudmålet med prosjektet er å få større kunnskap om korleis kvalitet i undervisninga er forstått, praktisert og opplevd i skulen ut frå perspektiv knytt til omgrepet tilpassa opplæring.

Delmåla med studien er å få svar på følgjande:

- Korleis prioriterer og arbeider kommunar og skular med tanke på å utvikle kvaliteten på opplæringa innanfor tilpassa opplæring?
- Korleis planlegg, gjennomfører og evaluerer lærarane opplæringa i utvalde klassar?
- Korleis erfarer og vurderer elevar og foreldre den opplæringa som går føre seg?”

Prosjektet er bygd opp av to hovuddelar: Ein kvantitativ og ein kvalitativ del. Eg konsentrerer meg i dette skrivet utelukkande om ein liten del av den kvantitative undersøkinga – den delen som går på observasjon i klasserommet ved bruk av observasjonsskjema.

I Kio-prosjektet har me også brukt observasjonsskjema og protokoll, men bruken av protokollen er kraftig nedtona i høve til Kupp-prosjektet. Det formaliserte intervjuet med lærarane i dei klassane me observerte i Kupp, er i Kio bytta ut med spørjeskjema til alle lærarane ved skulen. Elevane og dei føresette til elevane i dei klassane me har observert har også svart på spørsmål frå spørjeskjema. Det same gjeld skuleleiinga ved kvar av dei skulane der me har gjort observasjonar.

Totalt har me vore på besøk på 26 skular og i 45 klassar, 15 klassar på kvart av tredje, sjette og niande klassesettrinnet. Me har følgd elevane i alle timane gjennom ei heil veke i kvar av klassane. 16 kommunar i tre fylker vart valde ut etter ulike kriterium. Me valde eit fylke som låg høgt, eit som låg middels og eit som låg lågt på gjennomsnittlege grunnskuleresultat. Innanfor desse fylka valde me kommunar ut frå ynskje om variasjon både i kommunestorleik (Kostra-definisjonen) og i to- og trenivåkommunar. Me ynskte også variasjon i utvalet av kommunar som brukte mykje, middels eller lite midlar på skulesektoren (Kostra-gruppering). Innanfor dei utvalde kommunane valde me skular ut frå ynskje om variasjon i skulestorleik, små, middels og store skular (GSI). I utvalet vårt har me med både reine barneskular, reine

ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular. Berre fulldelte skular inngår i utvalet (Halse og Haug, 2008, s. 5).

Utvikling av observasjonsskjema til Kupp

Kupp-prosjektet var, som tidlegare nemnt, inspirert av og bygde på prosjektet "Klasserommets praksisformer" leia av Kirsti Klette, og gjennomført som del av evalueringa av Reform 97 (Klette, 2003b). Strukturert observasjon er ein godt eigna observasjonsmetode for å finne ut kva som vert gjort og kor mykje tid som vert brukt på ulike aktivitetar i skulen. Eit sentralt problem ved strukturert observasjon er at ein på førehand må ha gjort seg opp ei meining om kva ein kjem til å "møte i felten" (observere), og utforme observasjonskategoriar for å kunne registrere desse på ein enkel og eintydig måte. Ved utvikling av skjemaet tok me utgangspunkt i det skjemaet Klette og hennar medarbeidarar hadde nytta (sjå vedlegg 1), og bygde vidare på det. Vårt skjema var, som tidlegare nemnd, inndelt i følgjande fire hovuddelar:

1. Kva læraren gjer.
2. Kva ein enkelt utvald elev gjer.
3. Kva klassen gjer.
4. Det faglege innhaldet i aktiviteten til det klassen gjer.

Innanfor kvar av desse hovuddelane innførte me mange ulike kategoriar. Det vart gjort ut frå ynskje om å fange opp, og få eit mest mogleg nyansert bilete av aktiviteten i klasserommet. Ved utvikling av skjema arbeidde me ut frå hypotesen om at dess meir detaljert observasjonsskjemaet er, dess lettare vert det å fange opp nyansane i den situasjonen som vert observert. Når Klette (2003b) fann relativt lite elevaktivitet i sitt materiale, kunne det skuldast at det verkeleg var lite av den type aktivitet, men det kunne også skuldast at observasjonskategoriane dei brukte var grove og omfattande, og at dei dermed ikkje fekk registrert dei ulike nyansane i det som gjekk føre seg. For å motverke det siste tilfellet ynskte me å bruke eit meir nyansert observasjonsinstrument. I prosessen med å operasjonalisere variablane prøvde me "å sjå føre oss" mange ulike situasjonar i klasserommet og utvikla ulike kategoriar for å kunne registrere desse. Me erkjente sjølvsagt at det er uråd å føresjå alle moglege situasjonar som kan inntreffe eller som kan vere av interesse å få registrert, men prøvde å opprette kategoriar for så mange som mogleg innanfor overkomelege rammer. Dette førte til eit skjema som bestod av totalt ca. 50 observasjonskategoriar (variablar), sjå vedlegg 2. Sjølv

utviklinga av skjemaet i form av å finne fram til og operasjonalisere variablane gjekk føre seg i samla forskargruppe.

Observasjonane i Kupp strakte seg over tre skuleår. Mellom kvart skuleår evaluerte me skjemaet, og gjorde små endringar der det var naudsynt. Blant anna registrerte me raskt at det i einskilde klassar var mange vaksne tilstades samstundes. Det kunne vere ein ekstra lærar, assistent, spesialpedagog eller representantar frå andre yrkesgrupper/funksjonar. På det meste vart det registrert at 11 ulike vaksne var innom eitt av dei observerte klasseromma i løpet av ein dobbelttime. Me innførte av den grunn ein variabel ”andre vaksne” for på ein enkel måte å kunne registrere i kor stor del av tida det var meir enn ein vaksen inne i rommet. Funksjonen til denne/dei ekstra vaksne gjekk fram av loggen.

Som supplement til observasjonsskjema skreiv me heile tida detaljert logg. Kombinasjonen av kvantitativ og kvalitativ datainnsamlingsmetode fungerte etter vårt syn godt ut frå dei problemstillingane me arbeidde etter.

Utvikling av observasjonsskjema til Kio

Det var naturleg å planlegge Kio-prosjektet som ei vidareutvikling av Kupp-prosjektet. I staden for å samle inn kvantitative og kvalitative data samstundes slik me gjorde i Kupp-prosjektet, valde me no å dele prosjektet inn i to fasar. Første fase bestod av ein stor kvantitativ datainnsamling der 15 forskarar var ute i til saman 45 klassar⁶, ei veke i kvar klasse. I denne fasen var observasjonsskjema det sentrale instrumentet for datainnsamling. Loggen vart brukt berre til korte og supplerande opplysningar, i utgangspunktet til bruk berre for observatøren sjølv for å kvalitetssikre registreringane i skjema. Observasjonsvekene vart også brukte til å dele ut og samle inn igjen spørjeskjema til lærarar, elevar og foreldre. Spørjeskjema til skuleleiarane vart sende ut elektronisk i slutten av vårsemesteret.

I og med at loggen skulle spele ei langt mindre viktig rolle i dette prosjektet enn det han hadde gjort i Kupp, var det naudsynt å vidareutvikle observasjonsskjema, slik at dette i større grad kunne ”stå på eigen bein”. Ei gruppe fekk ansvaret for å revidere og vidareutvikle

⁶ Omgrepet ”klasse” vart avvikla i grunnskulen i 2007. I staden nyttar ein fleire ulike omgrep som storgruppe, seminargruppe, basisgruppe, kontaktlærargruppe, smågruppe osv... Me har vald å nytte det gamle omgrepet klasse som eit samleomgrep på grupper som består av om lag 10–30 elevar.

observasjonsskjemaet, medan andre grupper arbeidde med utvikling av spørjeskjema til ulike informantgrupper. Eg deltok i den gruppa som hadde ansvaret for observasjonsskjemaet.

Nye variablar

Det var naturleg å halde fast på grunnstrukturen i observasjonsskjemaet frå Kupp, med dei fire hovudkategoriane for å registrere kva lærar gjer, kva ein utvald elev gjer, kva klassen gjer og kva som er det faglege innhaldet. Det vart tidleg klart for oss at me trengte fleire kategoriar for å registrere det faglege innhaldet og måten det vart arbeidd med lærestoffet på. Dette førte til ein del nye kategoriar i Kio-skjemaet i høve til Kupp-skjemaet. Me innførte eigne kategoriar for "elevinitierte diskusjonar/forteljingar", "prøve/framføring", "disiplinering", "rutinesituasjonar" og "venting". Desse vart plasserte i hovudkategorien "innhaldet". Det vil ofte vere ein glidande overgang mellom kva klassen "held på med" og kva som er "innhaldet" i timen. Når skjemaet skulle lagast måtte me velje i kva hovudkategori dei ulike variablane skulle plasserast. No i ettertid ser eg at variabelen "utfører pauseaktivitet" er plassert i hovudkategorien "kva klassen held på med", medan "rutinesituasjonar" og "venting" er plasserte i hovudkategorien "innhaldet". Under kva hovudkategori desse tre mest naturleg høyrer heime kan diskuteras, men dei burde vore samla under ein av dei. Årsaka til at desse hamna i ulike hovudkategoriar var truleg at "rutinesituasjonar" og "venting" var nye kategoriar som vart innført saman med andre nye kategoriar under "innhaldet", medan "utfører pauseaktivitet" var ein "omdøyp" variabel som i Kupp-skjema hadde sin plass i hovudkategorien "klassen".

Nokre nye kategoriar vart oppretta med utgangspunkt i spesielle forskingsinteresser i dei ulike delprosjekta. Ein av forskarane har spesielt fokus på bruk av elevbøker på niande klasse-trinnet. Me oppretta derfor ein variabel for å registrere om "elevbøkene ligg framme/er i bruk". Eit anna delprosjekt har fokus på framandspråklege elevar og fleire av delprosjekta er knytt til spesialundervisning. Me oppretta av den grunn to nye variablar for å kunne registrere om "elevar er ute til norsk2-undervisning" og om "elevar er ute til spesialundervisning"

Medan datainnsamlinga i Kupp-prosjektet gjekk føre seg, vart det tradisjonelle "klasse"-omgrepet oppheva, og det vart frå departementet si side opna for at dei ulike skuleeigarane kunne organisere elevgruppene på ein friare måte. Dette fekk ingen umiddelbare konsekvensar for Kupp-observasjonane, men ved utforminga av observasjonsskjemaet for Kio, måtte me ta omsyn til at me kom til å møte ulike organiseringsformer. Me oppretta

derfor ein kategori for ”delt klasse” og ein for ”storgruppe/samanslåtte klassar”. Innanfor kvar av desse kan det gå føre seg ”heilklasseundervisning”, ”gruppearbeid” eller ”individuell arbeid”.

For å gjere bruken av skjema enklare, har me prøvd å samle kategoriar som i utgangspunktet er venta å vere innbyrdes utelukkande, eller som står i eit tematisk slektskap til kvarandre, i grupper omslutta av ”tjukke svarte linjer”. Til dømes er dei to kategoriane ”delt klasse” og ”storgruppe/samanslåtte klassar” innbyrdes utelukkande. To av dei tre kategoriane ”arbeider etter arbeidsplan”, ”arbeider med felles arbeidsoppgåver” og ”arbeider med differensierte arbeidsoppgåver” er innbyrdes utelukkande, men ikkje alle tre. Enten arbeider klassen med felles arbeidsoppgåver eller så arbeider dei med differensierte arbeidsoppgåver. Desse to kategoriane er altså innbyrdes utelukkande, men kvar av dei kan inngå som ein del av ein arbeidsplan. Dei er samla mellom ”tjukke linjer” for å markere den tematiske slektskapen mellom dei (sjå vedlegg 3).

I og med at me har eit spesielt fokus på lærar og på ein utvald elev, bør det ved kvart observasjonstidspunkt alltid vere mogleg å sette minst eitt kryss for kvar av desse. Om ein av desse er borte frå klasserommet i kortare eller lengre tid, vil det vere ynskjeleg å aktivt kunne markere det ved eit kryss, ikkje berre indirekte ved mangel på kryss. Følgjeleg oppretta me kategorien ”er ikkje tilstades” for lærar og ”eleven er borte frå klasserommet” for den utvalde elev. For å kunne få litt meir informasjon om form og innhald i den lærarstyrte undervisninga, innførte me dei to nye variablane ”gjennomfører «kald start»” og ”motiverer/inspirerer”.

I ettertid ser eg at det kunne vore gunstig på ein enkel måte å kunne skilje mellom faglege og ikkje-faglege rutinesituasjonar. Dette kunne vore løyst ved å ha to ulike variablar, ein for ”fagleg rutinesituasjon” og ein for ”ikkje-fagleg rutinesituasjon”. I skjema er det berre ein variabel for ”rutinesituasjonar”. Om det er ein fagleg eller ikkje-fagleg rutinesituasjon som er registrert må tolkast på grunnlag av om det er kryss både i ”rutinesituasjonar” og eit spesifikt fag, eller om det berre er kryssa for ”rutinesituasjonar”, utan samstundes å vere kryssa for eit bestemt fag. Ein veikskap ved denne siste løysinga er at det vert vanskeleg å fange opp ein situasjon der det inne i ein fagleg sekvens vert brukt tid på ein ikkje-fagleg rutinesituasjon.

Namneendringar, samanslåing og sanning av variablar

Talet på variablar var i grunnen stort nok i Kupp-skjemaet. Samstundes som me no oppretta nye kategoriar, måtte me dermed også stryke gamle. Me valde då i første omgang å stryke variablar som reint teknisk kunne seiast å vere overflødige. Til dømes valde me å stryke dei tre kategoriane som markerte om den utvalde eleven var ein del av "klassen", ei "gruppe" eller arbeidde "individuell". Dette kunne gjerast fordi den ytre organiseringa som den utvalde eleven inngjekk i, ville bli fanga opp av tilsvarende kategoriar for heile klassen og av andre kategoriar i skjema.

I Kio-skjemaet hadde me ein open kategori, "anna", både for alle dei fire hovudkategoriane lærar, utvald elev, klassen og for innhald. Desse vart brukte for å markere at det vart skrive utdjupande informasjon om ein eller fleire av desse hovudkategoriane i observasjonsloggen. Trongen for å spare plass gjorde at me avgrensa det til berre ein kategori for å markere at det vart skrive utfyllande kommentarar i loggen. Det vil gå fram av loggen kva dette gjeld.

I Kupp-prosjektet observerte me berre småskulesteget (1.–4. klasse). I Kio skulle det same skjemaet brukast både på 3., 6. og 9. klassesteget. Dette medførte visse endringar. Blant anna kutta me ut variabelen "leikprega aktivitet", og innførte i staden den meir omfattande variabelen "utfører pauseaktivitet". Frå hovudkategorien "læraren" kutta me også ut variablane "høgtlesing, forteljing" og "lærar beveger seg rundt". Situasjonar der "lærar beveger seg rundt" vil normalt inngå i ein større samanheng, og vil dermed bli fanga opp av andre observasjonskategoriar. På observasjonsskjema i Kupp hadde me kategorien "spørsmål/svarekvens/klassemøte" både for lærar og klasse. Her valde me å halde fast på denne variabelen for lærar, og stryke han frå klassen. Kombinasjonen av kryss for denne variabelen hos lærar og kryss for ein av variablane "lyttar til lærar" eller "lyttar til medelev" for klassen vil fange opp den aktuelle situasjonen.

I neste omgang såg me etter variablar som kunne samlast og slåast saman til nye variablar. Til dømes hadde me i hovudkategorien "utvald elev" tre variablar: "Svarar på spørsmål frå lærar/medelev", "munnleg aktivitet" og "høgtlesing". Desse omhandla grovt sett same tema. Me valde derfor å samle dei i ein ny variabel under namnet "utfører fagleg munnleg aktivitet". I Kupp-skjemaet hadde me ein kategori for at læraren "sit ved kateteret". For det første var dette ikkje ein spesielt høgfrequent variabel. For det andre er det mindre viktig kvar læraren

sit. Det som er interessant for oss å få tak i, er kva læraren gjer. Om han/ho er aktiv overfor elevane eller held på med sitt, og dermed er inaktiv overfor elevane. Følgjeleg endra me variabelen "sit ved kateteret" til "inaktiv i høve til elevane". Om læraren er aktiv overfor elevane, vil det bli fanga opp av dei andre variablane, der ein også får registrert kva type aktivitet det dreiar seg om.

I tillegg vart det også gjort nokre mindre språklege endringar for nokre variabelnamn. Til dømes vart "skaper uro" endra til "forstyrrar", "har handa oppe" vart endra til "ventar på lærar", "samarbeider med medelev" vart endra til "samhandling med medelev" osv.

På grunn av dei store datamengdene denne innsamlinga ville medføre, vart det tidleg bestemt at digitaliseringa av observasjonsskjema til datamatrise burde gjerast maskinelt.

Observasjonsskjemaet måtte dermed utformast slik at det kunne lesast av ein "scanner". Dette førte blant anna til at variabelen "fag", som i Kupp-skjemaet vart registrert i form av ein bokstavkode som bestod av dei to–tre første bokstavane i fagnamnet, no vart splitta opp i tolv nye variablar. Ein variabel for kvart fag i grunnskulen. Me valde denne løysinga for å gjere bruken av skjema i observasjonssituasjonen så enkel som mogleg. Det same problemet stod me overfor med variabelen "språk", som i Kupp-skjemaet kunne registrerast med ein bokstav for å symbolisere kva språk lærar eller den utvalde eleven snakka. Her valde me ei anna løysing ved at me i Kio-skjemaet forenkla denne variabelen til "språk, anna enn norsk".

Konsekvensen av denne endringa er at me berre får registrert at det vert snakka eit anna språk enn norsk, ikkje kva språk som vert snakka. Denne løysinga vart vald for å unngå å auke talet på variablar, og ut frå erfaringar frå Kupp-prosjektet som viste at dette var ein relativt lågfrekvent variabel. I og med at det er venta relativt få registreringar for denne variabelen, kan den som er spesielt interessert i akkurat desse observasjonane få tilgang til loggane frå dei aktuelle observatørane.

Desse endringane som eg no har omtala har i hovudsak gått i to retningar. For det første har me oppretta ein del nye variablar for å prøve å få eit meir nyansert bilde av dei situasjonane me er spesielt interesserte i å observere. For å unngå at det samla talet på variablar vart for stort, måtte ein auke i talet på variablar innanfor nokre områder føre til reduksjon i talet på variablar på andre områder. For å gjere dei negative konsekvensane av desse reduksjonane

minst moglege, har me prøvd å gjere reduksjonane så varlege som mogleg. Talet på variablar i Kio-observasjonsskjemaet vart dermed totalt 65. Dette kan i første omgang verke stort og uoversiktleg, men i og med at 12 av dei går med til å identifisere kva fag det vert arbeidd med, og at det i mange av timane vert arbeidd med same faget ein heil time i gangen, vert det likevel relativt enkelt å forholde seg til desse. Om ein då ser bort frå desse 12 fagvariablane, sit ein att med 53 variablar, altså berre to fleire enn i Kupp-skjema. Ved at skjemaet er delt inn i fire tydelege hovudkategoriar, og kvar av dei inneheld om lag 15 variablar, vert det oversiktleg og relativt enkelt å bruke. Erfaringar frå observasjonane i både Kupp- og Kio-prosjektet viste at det ikkje tok lang tid å bli kjende med skjema.

Kvalitetssikring av observasjonssinstrumenta

Reliabilitet

Reliabilitet seier noko om kor påliteleg datamaterialet er. Dersom datasettet er påliteleg vil ein få identiske data når ein brukar det same undersøkingsopplegget ved ulike innsamlingar av data om dei same fenomen. Reliabiliteten er eit uttrykk for kor stort samsvar det er mellom datasetta frå slike gjentekne datainnsamlingar. Reliabiliteten er høgare dess større samsvaret er. Reliabiliteten avheng både av korleis undersøkingsopplegget er utforma og korleis datainnsamlinga vert gjennomført. For å oppnå høg reliabilitet må undersøkingsopplegget vere utforma så klart at det fungerer på ein eintydig måte og datainnsamlinga må gjennomførast grundig og systematisk (Grønmo, 2004, s. 220–221). Det er vanleg å sjå på to ulike aspekt ved reliabilitetsomgrepet; stabilitet og ekvivalens. Stabilitet er knytt til graden av samsvar mellom data om same fenomen, samla inn til ulike tidspunkt ved hjelp av same undersøkingsopplegg (Grønmo, 2004, s. 222). Ekvivalens referer til graden av samsvar mellom innbyrdes uavhengige datainnsamlingar, utført av ulike personar, på same tidspunkt (Grønmo, 2004, s. 223). I faglitteraturen kan ein også finne fenomenet stabilitet omtalt som intra-observatør-reliabilitet og ekvivalens omtalt som inter-observatør-reliabilitet (Vedeler, 2000, s. 141). I vårt tilfelle vil det vere mest aktuelt å fokusere på ekvivalens. Det var fleire personar som brukte same observasjonsskjema til å observere aktiviteten i ulike klasserom. Ville ulike observatørar tolke og registrere dei same hendingane på same måten? Ein vanleg måte å teste ekvivalens på er at fleire observatørar observerer og registrerer dei same hendingane samstundes. Etterpå kan ein gå gjennom datamaterialet og undersøke graden av samsvar mellom registreringane frå dei ulike observatørane. Di meir tolking dei ulike

observasjonskategoriane krev av observatørane, dess mindre samsvar kan ein vente mellom registreringar frå ulike observatørar.

Ein kan tenke seg dei ulike observasjonskategoriane spreidde utover ein akse, der ein i den eine enden finn typiske fenomenkategoriar, og i den andre, typiske vurderingskategoriar. Kvar av dei ulike observasjonskategoriane vil då plassere seg ein stad mellom dei to ytterpunkta på aksen. Dei mest typiske fenomenkategoriane er i utgangspunktet relativt enklaste å identifisere. Vedeler (2000, s. 96) avgrensar dette kontinuumet til tre kategoriar av observasjonsvariablar; deskriptive variablar, observasjonsvariablar som må tolkast og observasjonsvariablar som er avhengig av vurdering. Dei deskriptive variablane, som svarar til fenomenkategoriane, er definerte operasjonelt, og krev dermed lite tolking av observatøren. Dei deskriptive variablane gjev mest reliable data. Ei målsetting under utviklinga av skjema var å finne fram til kategoriar som var mest mogleg deskriptive, som i størst mogleg grad fanga opp aktiviteten i klasserommet, og som på den måten gjorde bruken av skjemaet mest mogleg eintydig å bruke. Eit døme på ein slik deskriptiv variabel kan vere variabel 43 i vedlegg 3, "elevbøkene er framme/i bruk". Her er det nok å observere og registrere om elevbøkene ligg på pulten eller er i bruk. Det var likevel ikkje til å unngå at nokre av observasjonskategoriane krev meir tolking eller vurdering enn andre. Til dømes vil variabel nr. 45 i vedlegg 3, "klassen er uroleg", gjerne måtte vurderast. I observasjonsmanualen har me spesifisert denne variabelen slik: "Det er uro i klassen som forstyrrar eller påverkar dei aktivitetane som skal gå føre seg". Når er det "kreativ uro", som gjerne er ein føresetnad for å kunne utføre enkelte type aktivitetar, og når går "uroa" over til å forstyrre aktivitetane? Ulike observatørar kan ha ulik terskel for kva dei oppfattar som uro. Og det må ei vurdering til for å bestemme om denne "uroa" er av ein slik art at ho forstyrrar aktivitetane.

Også innanfor fenomenkategoriane vil det kunne oppstå grensetilfelle der det vert vanskeleg å avgjere om situasjonen er oppfylt eller ikkje. Til dømes skulle ein tru at det var enkelt å avgjere om "lærer er tilstades" eller ikkje. Eit utdrag frå kommentarane frå ein av observatørane viser at så enkelt er det likevel ikkje:

"Er ikkje tilstades" har nokre gråsoner. Når læraren er på grupperom med nokre elevar, er han då "ikkje til stades"? Viss døra mellom grupperommet og klasserommet er opa, er situasjonen då annleis enn om døra er lukka?" (Observatør nr. 14)

Det kunne også oppstå problem med å vurdere om elevar som vart tekne ut av klasserommet einskildvis eller i grupper fekk spesialundervisning eller norsk2-undervisning. Som fenomen kunne me registrere at dei vart tekne ut av klasserommet, men det var vanskelegare for observatøren som vart verande igjen i klasserommet å vurdere om det tilbodet dei fekk ”der ute” verkeleg kvalifiserte til å bli kategorisert som spesialundervisning eller norsk2-undervisning. Lærar vart i ettertid sjølvsagt ein viktig informant i denne samanheng. Generelt var det vanskelegare å forholde seg til dei meir utprega vurderingskategoriane. Eit døme på det var kategoriane ”arbeider etter arbeidsplan”, ”arbeider med felles arbeidsoppgåver” og ”arbeider med differensierte arbeidsoppgåver”. Dei planane som vart omtala som arbeidsplanar varierte mykje i form og innhald. Det kunne vere alt frå korte summariske oversikter over kva oppgåvenummer og sidetal elevane skulle arbeide med i bøkene i ulike fag innanfor ein viss tidsperiode, til meir omfattande dokument som i tillegg til å vise til sidetal og oppgåvenummer også inkluderte lærings- eller kunnskapsmål. Planane kunne innehalde liten eller stor grad av valfridom for den einskilde elev. Alle elevane kunne få den same planen eller einskildelevar eller grupper av elevar kunne få planar som var tilpassa dei. Elevane kunne arbeide med arbeidsoppgåver som del av arbeidsplan eller med arbeidsoppgåver som vart gitt av lærar der og då, utan å vere knytt til nokon formell arbeidsplan. Her kunne det altså bli mange moglege kombinasjonar av kryss i dei tre kategoriane, og observatøren måtte gjere mange vurderingar og val undervegs.

Klette gjennomførte reliabilitetstestar av det skjemaet som vårt skjema var ei vidareutvikling av. Gjennom reliabilitetsutprøving der fire observatørar brukte skjema i same klasserom fann dei høg grad av samsvar i observasjonsavkryssingane. (Manglande samsvar var knytt til blandingssituasjonar der ein til dømes kunne krysse av både for ”gir hjelp til enkeltelever” og ”gir hjelp til par/grupper”) (Klette, 2003a, s. 28). I Kupp-prosjektet hadde me hennar testing som utgangspunkt, og valde i tillegg ei litt anna form for kvalitetssikring. Etter dei første dagane med observasjonar møttest alle observatørane for å utveksle erfaringar og for å diskutere korleis ulike situasjonar skulle kodast. Me kopierte opp eit utval av observasjons-skjemaa og loggar og gjekk gjennom desse i samla forskargruppe. Med utgangspunkt i dei fylldige og detaljerte loggane som då var skrivne hadde me eit godt grunnlag for å utvikle ei felles forståing og bruk av dei ulike kategoriane i skjemaet. I tillegg til desse rundane med innkøring, hadde alle vore saman om å utvikle skjemaet og skrive forklaringar til obsersvasjonskategoriane. Dermed hadde alle førstehandskjennskap til kva dei ulike

kategoriane var tenkt å dekke. Gjennom heile prosjektperioden møttest forskargruppa jamleg. Dersom det oppstod usikkerheit knytt til korleis konkrete situasjonar skulle kodast i skjemaet, blei desse diskutert i gruppa med støtte frå loggen. God trening i å bruke skjema før ein tek til med observasjonane og tett samarbeid undervegs er tiltak som Vedeler (2000, s. 114) rår til for å redusere effekten av observatørbias.

